

---

**Fra:** Henrik Lindås <hsl@bkkfiber.no>  
**Sendt:** 6. juli 2015 21:10  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Merknad kommunedelplan lindåsosane

Hei

Angående nøstområde i ådnevika. Me oppfatta vedtaket som vart gjort i 2011 at nøstområde i ådnevika omhandla dei tre naustetomtane som ligg der. Me vart difor overraska då det no er to tomter som er tatt med. I ådnevika ligg der tre nøstetomter på rekke. Dei to det er vist til i framlegget no er utskilte tomter frå 108/11, slik at det for oss virker rart at kun to av tomtene er med i framlegget. I konsekvensutredninga oppfatta me også det slik at også tomta på vår gard var tatt med.

På garden vår har me eit gammalt steinnaust, me antar at det er rundt 150 år gammalt. Naustet er i bra stand og er i bruk. Det er derimot bygd i ei anna tid, og me slit mykje med at det om vintrane står sjø heilt inn i nøstet. Me ønsker fortsatt å ta vare på dette nøstet gjennom bruk, men ønskjer å bygge eit nøst på tomta som er funksjonelt for lagring. Slik me ser det er det unaturlig at kun desse to tomtene er med. Også tomta på 108/11 bør være med.

Me oppfatter dette ikkje som eit framlegg om ny arealbruk, men ei retting av noko som underveis har fallt ut. Det er ikkje nødvendig med ny konsekvensutredning då den er vist til i eksisterande utredning på kart.

Nøstområdet i ådnevika har vore eit brukt område i fleire generasjonar og me syns det er flott at det no ligg framme forslag om nye naust i dette miljøet.

Ta kontakt dersom det er spørsmål.

Mvh  
Henrik Lindås.

Sendt fra min iPhone